

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 42/2004

Møtedato: 8.9.04

Arkiv nr: 132

Søknad om tilskot til fjelltur

Foreldra i 9. klasse planlegg å arrangere ein tre dagars klassetur i Jotunheimen. Sidan fjellstyret tidlegare har støtta fjelltur som rekrutteringstiltak for barn og ungdom, søker klassen fjellstyret om tilskot til turen.

Fjellturen er ikkje ein del av undervisninga på skulen fordi det er knytt utgifter til turen som ikkje vil bli dekkja gjennom skulebudsjettet. Elevane må derfor gjennomføra turen på fritida.

I samband med "Fjellenes år 2002" gav fjellstyret kr 5000 i tilskot til ein tilsvarande tur. Målet var den gongen at dette skulle blir eit fast opplegg for 9. klasse, slik Vang har gjennomført i fleire år. Ved å arrangere turen ville ein synleggjera verdien slik at dette skulle bli arbeidd inn i skulen sitt budsjett for seinare år. Skulen har ikkje prioritert dette i ettertid. Dette blir grunngjeve med at det ikkje kan arrangerast turar som krev eigebetaling frå elevane. Så langt ein kjenner til må derfor eventuell tur arrangerast utanom skuletida.

Vestre Slidre jeger- og fiskarlag gav også tilskot til turen i 2002 med kr 3000. Laget såg dette som eit så viktig tiltak at ein gav signal om at ein ville sjå positivt på liknande søknader seinare også.

Arbeid med rekruttering av ungdomar til jakt, fiske og friluftsliv er eit prioritert område for fjellstyret. Dette er også presisert i uttale frå Landmøtet for fjellstyra på Beitostølen i juni. Fjellstyret har alt etablert eit godt samarbeid med skulen og jeger- og fiskarlaget. Saman gjennomfører ein årleg ein fiskedag for 6. klassane i Røn og Slidre, fiskedag ved Buaraåne i juli, fiskeutsetting saman med 9. klasse og stamfiske med friluftsgruppa på ungdomsskulen. Samarbeidsgruppa har kjøpt inn ein 30-manns lavo, båt, fiskeutstyr, turutstyr m.m. Fjellstyret dekkar også kostnadane til jegerprøven og gir gratis fiskekort for ungdom tom 20 år.

Søknaden ligg innanfor rammene for det rekrutteringsarbeidet vi gjer. Om vi vel å gi tilskot, må vi rekne med tilsvarande søknader seinare år. Vi bør då sjå dette i samanheng med dei andre rekrutteringstiltaka vi gjer og vurdere om dette skal gå inn som eit fast opplegg på lik line med fiskedag, fiskutsetting og stamfiske som blir arrangert for skulen.

Vedtak:

Fjellstyret ser svært positivt på tiltaket og gir kr 5000 til fjellturen. Beløpet blir utbetalt når ein har fått melding om at turen er gjennomført.

For at elevane skal få best mogeleg utbytte av turen og det som kan knytast kring denne, vil fjellstyret oppfordre skulen om å legge til rette for at dette kan gjennomførast som ein del av skuletilbodet.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 30.9.04.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: 9.klasse v/Torill Steindebakken
Slidre skule v/ rektor
Vestre Slidre kommune, skule- og kulturkontoret
Vestre Slidre jeger- og fiskarlag v/Svein Erik Ski